

SMÅKRAFT AS  
Postboks 2389, Solheimsviken  
5824 BERGEN

**Vår dato:** 30.03.2023

**Vår ref.:** 200905415-50 Oppgi ved kontakt

**Dykker ref.:**

## **NVE gjev utsett byggjefrist til Todeilselva kraftverk i Modalen kommune**

Vi viser til søknad frå Småkraft AS datert 04.01.2022 om utsett byggjefrist for Todeilselva kraftverk i Modalen kommune.

### **Bakgrunn**

NVE gav konsesjon til Todeilselva kraftverk i vedtak den 04.07.2017. Det følgjer av vassressurslova §§ 27 og 19 andre ledd og vassdragsreguleringslova § 15 at konsesjonen fell bort dersom ein ikkje er i gang med å bygge innan fem år frå konsesjonen blei gjeven. NVE kan forlengje fristen med inntil fem nye år.

### **Søknad**

NVE har mottatt følgjande søknad frå Småkraft AS:

*«Vi viser til vedtak datert 04.07.2017 der Småkraft AS fikk konsesjon til å bygge Todeilselva kraftverk.*

*Konsesjonæren har i hht Vassdragslova en frist på 5 år fra dato for vedtak til å starte bygging, i motsatt fall faller vedtaket bort. NVE har myndighet til å forlenge denne perioden med 5 år.*

*Småkraft AS søker herved om en forlengelse på 5 år på fristen til å starte bygging, dvs forlengelse til 04.07.2027. Bakgrunnen for dette er at Småkraft AS ikke har kunnet starte utbyggingen grunnet mangelfullt nett i området, Jfr vannressurslovens §§ 25 og 27.*

*Det arbeides aktivt for å finne tekniske løsninger sammen med lokale nettselskap og nærliggende kraftverksprosjekter som gir økonomisk løsning til å gjennomføre utbygginger i Modalen.»*

Søknad om forlengja byggjefrist blei sendt NVE før opphavleg frist gjekk ut.

### **Høyring**



Søknad om forlengja byggjefrist har vore på høyring i Modalen kommune, Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune for utsegn. NVE har mottatt følgjande merknader til søknaden om forlengja byggjefrist:

**Statsforvaltaren i Vestland** har sendt et felles fråsegn for Todeilselva kraftverk og overføring av Storebotnelv til Nottveit kraftverk. Dei uttaler følgjande i brev til NVE den 03.03.2023:

*«Nye kartleggingar av biologisk mangfold i influenseområda til kraftverk og overføring, har ikkje registrert nye førekomstar eller viktig naturmiljø som skulle tilseie at det ikkje bør gjevast utsett byggjefrist. Vi har heller ikkje andre vesentleg opplysningar gjeldande våre ansvarsområde som ikkje var kjent i konsesjonsprosessane.»*

## NVE si vurdering

### *Ny kartlegging av biologisk mangfold*

Den opphavelege kartlegginga av biologisk mangfold er frå 2008. Etter NVE si vurdering var ikkje den opphavelege kartlegginga tilstrekkeleg for å kunne vurdere søknaden om utsett byggjefrist. Dette er fordi kartlegginga følgjer ein metodikk frå før 2009, som sidan har blitt oppdatert fleire gonger. NVE bad derfor tiltakshavar om å gjennomføre ei ny kartlegging av biologisk mangfold i brev av 08.04.2022. NVE mottak den nye kartlegginga i brev av 12.12.2022.

På grunnlag av tidlegare og ny kartlegging av biologisk mangfold meiner NVE at det er innhenta tilstrekkeleg informasjon for å kunne vurdera omfanget og verknadane av tiltaket for kartlagde naturtypar, og sjeldne og trua artar. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget til saka er godt nok greidd ut, jf. naturmangfaldlova § 8.

Den nye kartlegginga blei gjennomført i september 2022 av Rådgivende Biologer AS. Ifølgje rapporten er det ingen raudlista artar og naturtypar innanfor influensområdet, med unntak av naturtypen ellevassmassar (NT). Den er gitt stor verdi, ettersom elva i dag er uregulert. Minstevassføring vil mildna konsekvensane noko. Ifølgje kartleggjaren består berggrunnen i influensområdet hovudsakeleg av gneis, som forvitrar langsamt og gir lite plantenæringsstoff. Etter NVE sitt syn er det ikkje store sjansar for funn av forvaltigmessige viktige artar i kategoriane mosar og lav.

Etter NVE sitt syn kjem det ikkje fram ny informasjon i biologisk mangfold-rapporten som tilseier at tiltaksområdet har større verdi for biologisk mangfold enn det som var teke i betraktning gjennom konsesjonsprosessen.

### *Friluftsliv*

Området frå Haugen til Storavatnet har etter ei kartlegging i 2018 fått verdi som viktig friluftslivsområde. Tidlegare blei friluftsområdet vurdert å ha noko verdi. I den opphavelege konsesjonsprosessen meinte NVE at friluftsinteressene blei tilstrekkeleg ivaretatt ved at ferdastien mellom Modalen og Eksingedalen blir verande urørt, og at røyrtrasé og anleggsvagar i stor grad følgjar eksisterande skogsbilvegar. Etter NVE sitt syn blir omsynet til friluftsliv framleis tilstrekkeleg ivaretatt gjennom desse tiltaka.



## Oppsummering

Ein søknad om utsett byggjefrist inneber ikkje ei ny samla vurdering av fordelar og ulempar ved tiltaket, slik det blei gjort i handsaminga av konsesjonssøknaden. I sakshandsaminga om byggjefrist skal NVE berre vurdere om det har kome *nye* eller *endra* omstende etter at konsesjonen blei gjeven. Dersom det kjem fram ny vesentleg informasjon, kan NVE avslå ein søknad om forlengja byggjefrist. Eit sentralt moment i vurderinga vil være om ein kan sette nye vilkår som kan avbøte ulempene. Etablert forvaltningspraksis som er gjeve av forarbeida til vassressurslova og den reviderte vassdragsreguleringslova, gjer at det likevel er rimeleg å utvise omsyn når ein forlengjer byggjefrist.

Søknaden om forlengja byggjefrist har vore på høyring i Modalen kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland for utsegn. NVE har også gjort søk i Naturbase og Artskart. Vi kan ikkje sjå at det er kome fram ny informasjon som gjer at søknaden om forlengja byggjefrist bør bli avslått.

Vi minner om at dette vedtaket berre gjeld byggjefrist for kraftverket og ikkje anleggskonsesjon, som må gjerast i eigen søknad.

## NVE sitt vedtak

**NVE kan ikkje sjå at det er kome fram ny informasjon som gjer at søknad om forlengja byggjefrist for Todeilselva kraftwerk bør bli avslått. I medhald av vassressurslova §§ 27 og 19 andre ledd, samt vassdragsreguleringslova § 15, blir byggjefristen forlengja med inntil fem år, til 04.07.2027.**

Dei andre vilkåra er dei same som i løyve av 04.07.2017.

## Om klage og klagerett

Sjå eige vedlegg om klageadgang.

Med helsing

Inga Nordberg  
direktør

Carsten Stig Jensen  
sekjonssjef

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner*

**Mottakarliste:**  
SMÅKRAFT AS

**Kopimottakarliste:**



Modalen kommune  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE



## Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	<p>Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker fra den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikke har kome fram til deg, startar fristen å gå fra den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket.</p> <p>Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.</p>
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	<p>Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>• Skrive kva for eit resultat du ønsker.</li><li>• Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen.</li></ul> <p>I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.</p>
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unntek offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	<p>Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndighet.</p> <p>Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.</p>
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekka vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.

*Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.*